

Månadsbrev desember 2023

Klassequizzen gjekk fint for 10. klasse og småskuletrinnselevane i Sirdal storkoste seg på aktivitetsdag på Tjørhom. Lefse- og jordeplekakebaking gjekk som ein leik, og 10.-klassingane likte seg på hospitering og på arbeidslivstrenings. Barnetrinnet lærte mykje om jernbanen i den kulturelle skulesekken, og alle var aktive på idrettspatruljebesøket. Kanskje blir det sett i gang aktivitetar på Sinnes og på Tonstad med gode tilbakemeldinga frå elevane og Idrettsrådet får finansiering på plass. Me kryssar fingrane! Julegrantenninga blei ei kald glede, men det passa godt med varm saft før morgonsamlinga. Fleire har svart på både lokal trivselsundersøking og foreldreundersøking, men dess fleire, dess betre.



Desember kom noko brått på for enkelte, eller var det november som gjekk for fort... Uansett er alle godt i gang med adventsbingo (1-4), peparkakekalender (5-7), omvendt julekalender med innsats for andre (8-9), aktivitetskalender (10) og adventsbok. Alle elevane har pynta kvar si peparkake, så nå heng det 55 peparkakeelevar i Peparkakebygda 2023 på Handleriet. Har du vore innom?



Juletrefesten 19. desember kl. 18.00 er under planlegging, og det blir juleverkstad 15. og julegudsteneste 14. Etter gudstenesta stikk me over vegen for å sjå og læra meir om reinsdyr i Sirdal saman med Magnar Undheim. Før den tid er ungdomsskulen ferdig med halvårsprøvane, der 10. klasse byrjar med matematikk tysdag 5., før 8.-9. har norsk på onsdag og matematikk på torsdag, og 10. har høvesvis norsk hovudmål og sidemål, før alle avsluttar med engelsk fredag 8. desember. I år prøver me med trekking av plassar på førehand (10. klasse først, så 9. og 8.) og dørene opnar kl. 08.35. Då treng ingen møta opp grytidleg for å få ein god plass. Og så var det plutselig juleferie etter siste dag før jul for alle 20. desember, dvs. det er skuleonsdag for 1.-4. klasse 20. desember.

SFO er som de veit stengt i juleferien, men pass elles på å søkja om ekstradagar tre verkedagar før du treng det. Det er viktig alt etter kva aktivitet som er planlagt, og det blir føreseileg for dei tilsette.

Med ynskje om ei fin adventstid og ei fredeleg julehelg!

Sinnes 04.12.23, Åse-Berit (rektor)

